

# Halling- ljom



Lagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 2/16

## INNHALD

<b>Innholdsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Minikurs + Fele til leige</b>	<b>side</b>	<b>5</b>
<b>Hallinglagsnytt</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Vår og sumar på Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>10</b>
<b>Helgekurset 5. - 6. nov.</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Program for hausten</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Det enkle livet – det grønne skiftet</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Lappeteppe til ein god sak</b>	<b>side</b>	<b>15</b>
<b>Sommerbrev frå Simon</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Margit Myhr vant Kongepokal</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Hallingbu i det grønne</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Lagsinformasjon</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

# Fyriord

## *Velkomen til ein ny dansehaust!*

Hallinglaget startar opp denne hausten med nokre av dei beste spelkvinnene som finnes, me er så heldige at både Helga Myhr og Hilde Kirkebøen er i byen. Helga er no andre års student på Musikkhøgskola og Hilde, er heldigvis innom byen av og til og vil då gjerne spele for oss. Så på dei to fyrste øvingane kan ei få høyre desse, Helga fyrst ut, deretter Hilde. Det er lov å kome å sitte å høyre på også – ein treng ikkje danse om ein ikkje kan eller vil, om ein har vondt i ein fot eller noko slikt.

Kva vil så denne hausten bringe til laget? Hallinglaget treng fleire danserar! For når «alle» kjem så er det kjempemoro. Om det er nokon som ikkje kan kome, blir det fort glissent på dansegolvet! Me er no under kritisk masse, spesielt når det gjeld gitar. Ein kan ikkje forvente at alle kan kome kvar gong, så difor må me få med fleire. Underteikna stod difor på under Landskappleiken og Jørn Hilme Stemnet, eg delte ut info-foldere og fortalte om dansemiljøet vårt i Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22. Folk var positive til å kome innom, så eg håper at mange møter opp denne hausten. Så alle: møt opp på dei dei fyrste øvingane, slik at det blir trykk og moro for dei nye og gamle som kjem!

*Rekrutteringa er no så viktig for BLS (Bygdelagssamskipnaden) og alle laga (18 lag i BLS), at alt blir sett inn for å få med fleire folk. Alle som er med i danserørsla i hovudstaden synes det er svært viktig at folkedansen og gamaldansen i Nordahl Bruns gate 22 overlever. Det er sosial trim, sunt og morosamt, utan alko-press og ein sær s rimeleg aktivitet for folk i alle aldrar. For å få med fleire nye, blir BLS med på **KULTURNATT I OSLO fredag 16. september**. Denne fredagen blir det full fart i Nordahl Bruns gate 22 frå kl. 19.30 og utover til kl. 01.00. Det blir også eit fint arrangement for born frå kl. 17.00 til 19.00, for det er eit eige Barnelag i BLS. Denne kvelden blir det gratis inngang for alle som kjem, med sær god bygdedans og gamaldans i alle salar. Her kan alle som vil, få prøve seg på å danse, eller berre høyre og sjå på! Om dette fell i smak kan ein melde seg på eit dansekurs denne hausten og slik bli med i dansemiljøet i hovudstaden. Dette dansemiljøet har eksistert i snart 100 år, det er unikt og bevarings-verdig, faktisk er det få stader i landet som det blir dansa meir. Hovudstaden har utruleg mange gode spelemenn, som er lette og be, og som gjerne vil spele til dans. Spesielt når det kjem ein del folk, då er dette noko av det morosamaste ein kan vere med på. Vel møtt til alle som vil være med på dette. Merk dykk kursa våre.*

Elles har Kulturnatta i Oslo, ein lang tradisjon, det er sikkert opp mot 100 stader ein kan gå innom å få høyre på diverse innslag, til døme klassiske orkester, ulike kor og grupper som vil syne fram noko.

Alle hallingar med interesse for kultur, gjerne hallingkultur, må vere klar over at Nordahl Bruns gate 22 er eit unikt bygg som laga i BLS disponerer og kan leige til ein rimeleg penge. Hallinglaget leiger salar til om lag 10% prosent av «full pris på byen». Difor kan me halde på med liten aktivitet, men tenk så moro det hadde vore om me var 2-3 gonger så mange. Denne garden midt i sentrum, er sikkert verdt 100 millionar og var redda og pussa opp gratis av Olav Thon for fem år sidan. Han hjelpte oss så me også i dag eig huset vårt 100%. Hugs også at det er mogeleg å få hjelp til å starte opp nye lag og aktivitetar i dette kulturhuset midt i byen.

Midt oppe i dette driv Hallinglaget på så godt som det kan med dei ressursane laget har. Men laget treng hjelp til styre og stell og medlemmer som vil melde seg inn i laget. Det er kjempefint om fleire blir med!

***Bli med å dans i haust ...  
Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!***

*Beste helsingar frå Terje Grangård,  
Leiar i Hallinglaget*

## **MINIKURS i HALLINGSPRINGAR Sundag 2. oktober i Halli kl. 18.00**

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved **Silje Risdal Liahagen**, A-klasse dansar frå Torpo/Ål. Dansespel ved **Helga Myhr**, også frå Torpo/Ål. Silje er veldig og til å instruere og Helga er sær dyktig til å spele, så her blir det dans og moro i ein og ein halv timer. Her kjem det normalt mykje folk!

**Inngangspengar: 120 kroner (80 kroner for studentar) som gjeld for heile kvelden.**

## **HARDINGFELE TIL LEIGE**

Hallinglaget har ei Einar Løndal hardingfele frå 1983, som laget kjøpte i 1996 for 18.500 kroner. Fela er bra og ho er no klar til å leigast ut til ein interessert person i Hallinglaget.

Interesserte kan få tilsendt Felereglane. Reglane seien at den som leiger fela må vere medlem i Hallinglaget, og at ein setter på nye strenger når ein leverer fela tilbake! Prisen for å leige fela har dei siste åra vore 800 kroner, og det er rimeleg for Hallinglaget betaler forsikringa! Prisen kan bli auka med ein hundrelapp dette året (Styret avgjer!).

I reglane er det også nemnt eit depositum for å få leigd fela, men det har me ikkje praktisert. Me synes det er nok at den som leigar fela forsikrar at ein er interessert og vil ta vare på hardingfela etter beste evne. Etter to år skal fela leigast ut til ein ny person om det er fleire som vil leige ho! For etter å ha leigd fela i to år må ein vite om ein vil investere i si eiga fele, og då er de mest solidarisk at ein ny person får prøve seg.

*Terje*

## Hallinglagsnytt

1. Fyrst den utruleg triste hendinga at Olav Sem døydde frå oss i mars i år, etter å kjempa mot kreften i minst to år. Olav var ein god ven, ein makelaus dansar og ein bærebjelke i lagdansen vår dei siste åra. Etter dette har all lagdans vore nede.

Eg finn ikkje på noko betre enn å lime inn eit bilde og det eg skreiv i eit lite minneord etter påske:



*«Eg må melde at våre kjære støttespelar gjennom mange år Olav Sem gjekk bort i påska, etter å sliti med kreft i lang tid ...*

Olav var ein stor kulturformidlar og ein usedvanleg god dansar og kvedar. Som kjærast og sambuar med Else fekk me gleda av å bli kjent med han, og han gjorde det mogeleg for oss å stille på lagdans på mange kappleiker. Som A-klasse dansar i Teledans, var det ei ære at han ville vere med å skape liv og glede i Hallinglaget, no sist på Landskappleiken på Fagernes i fjor.

Hallinglaget takker Olav hjarteleg for alt han bidrog med, og lyser fred over hans minne. Varme tankar sendes til alle dei som stod han nær. Dansen blir ikkje det same utan Olav, men eg er glad for å ha blitt kjent med ein slik kjernekar».

2. Enno ei trist melding:  
- tidlegar leiar i Hallinglaget på 80-talet, **Liv Turid Tuft Papadopoulos**, døydde i juni etter å ha kjempa mot kreften i mange år. Etter dette har begge jentene som fekk meg med i Hallinglaget gått bort i kreft dei siste par åra! Fyrst ut var Marit Isungset som har budd på Voss sidan tidleg åttital. Begge var frå Geilo, dei var like gamle, og har no gått bort så altfor tidleg av ei alvorleg kreftform i bukspyttkjertelen. Tidlegare medlem i Hallinglaget, Gerd Inger Mørk, skreiv eit fint minneskriv om Liv Turid i Hallingdølen. Dette kan folk få lese som kjem innom laget, her får også Hallinglaget positiv omtale.

3. **Simon Hesselberg Løvald** har vore med i styret sidan 2012. Simon har vore styremedlem og danseleiar og gjer seg no etter fem år. Årsaken er et han heldt på med ingeniørstudier i Grimstad. Han er ferdig med fyrste året og vil etter planen halde på i fire år til. Sjølv om han har flytta og studerer langt unna, kan me konstatere at han ofte er å sjå på dansegolv i Oslo-området. Det er særers moro å sjå dansegleda som Simon framviser, han er også mykje brukt som danselærer i USA! Sjå eige sommarbrev frå Simon i dette bladet. På Facebook kan ein også lese mange fine ord om vår tidlegare danseleiar: slik som: *Simon is a phenomenal dance teacher! And all around great fellow!*



*Simon var ein aktiv dansar på Landskappleiken på Vågå i år, her i Laus klasse A.*

Hallinglaget er glad for å han er med som danseinstruktør på helgekurset vårt i november, saman med vår nye danseleiar Silje Risdal Liahagen. *Takk for din innsats for laget Simon!*

4.



Vår nye danseleiar heiter Silje Risdal Liahagen og er frå Torpo. Silje har alt vore brukt til å halde kurs for oss dei siste par åra og er ein særst god ressurs for laget. Silje er 25 år og er busett i Oslo på 6. året. Dette året er Silje sitt andre år som frilansar innanfor musikal og folkemusikk og -dans. Silje arbeider både som utøvande og instruktør innanfor begge sjangrane. Mange har vel sett ho i aksjon som ei av jentene i Kvedarkvintetten, dei skaper liv og glede der dei opptrer. Dei blir også å sjå på Operaen i hausten då dei hulla og song til dei som vant lagdansen på Vågå, for «laget» som kalla seg «Mamalooks».

*Silje Risdal Liahagen er ei fantastisk dansejente, og ho er A-klasse dansar i Hallingspringar!*

5.



Vår nye skrivjar som vart med i 12 time er **Heidi Wie** som bur i Asker og arbeider i Asker kommune. Heidi er svært positiv og har vore med og dansa i laget i fleire år, også i lagdans, Ho er lett på foten og dansar som ei hallingjente! Kanskje fordi ho har budd der eit år og ho har også vore med på Folkemusikkveka i Ål. Heidi er kjempeglad i friluftsliv og har vore med på fleire turar til Hallingbu. Mest liker ho seg nok i Valdresfjella, men i sommar vitja ho Lofoten, ho var heldig med været og vart glad i Nordlandsfjella.

*Hallinglaget ynskjer Heidi velkomen i Styret og håper ho vil trives der!*



6.



Vår skrivar gjennom mange år, Sigbjørn Galdal, gav seg etter fem år i Styret (vore med frå 2012). Litt fakta: Sigbjørn bur i Råde og arbeider som realfagslærer ved Glemmen VGS i Fredrikstad. Sigbjørn lærte å danse pols på eit 10 (!) kveldars kurs i Trondheim under studiane ved NTH. (så minikursa våre er kanskje ikkje for nybegynnarar?...). Han byrja i Hallinglaget då det ikkje var noko særleg miljø for å danse Rørospols i Oslo. Sigbjørn gjekk lei av Telenor og har mellom anna jobba som avløyser i Hallingdal og Valdres før han utdanna seg til lærar. Sigbjørn har studert mykje forskjellig: han er utdanna siv ing., agronom og lærar! På fritida liker han å gå på ski og han har jakta myke rype (fugl) i Rukkedalen, i traktene rundt Myking. Sjølv om han no bur i Råde og det er langt å køyre til Oslo «kvar onsdag», så håper me i laget at han kjem innom av og til, for Sigbjørn er glad i å danse!

*Takk for innsatsen Sigbjørn!*

7.



Hurra for **Gro Sissel Taraldrud**, som redda oss og tok over som kasserar etter at Elin Berget flytta opp att til Hallingdal. Gro Sissel har vore med i Hallinglaget i mange år, har vore kasserar før og ho dansar halling-springar som ein innfødt! Ho bur på Nesodden og tar båten inn til sentrum der ho arbeider i Cultura Bank. Det er kjekt å ha ei bankkvinne til kasserar, og ho heldt særst god orden i økonomien til Hallinglaget. Då ho ikkje har tenkt å halde på som kasserar til evig tid, håper laget at ein ny person får lyst til å ta over jobben snart. Me kan love at økonomien i Hallinglaget er god, at rekneskapen er oversiktleg og den som tek over vil få all moglege hjelp til å kome inn i sakene.

Gro Sissel liker også å vere med på Hallingbu, på bildet ser ho ut av glaset på hytta vår!

*Takk for at vart med att Gro Sissel!*



## Vår og sumar på Hallingbu

I år som fleire år vart det Michel som åpna sesongen på Hallingbu, allereie i januar. Michel kom te Gardermoen seint ein kveld på tur frå Frankrike, og da han skulle på jobb i Oslo dagen etter vart det den mest naturlege sak for ham å nyte skogens ro ein vinternatt på Hallingbu. I 22 tida, med halvmåne og godt føre gjekk han inn på ski, noko som vart ei veldig fin oppleving.

Sist i mai tok Michel turen att, denne gongen saman med son Simon og Terje. Då vart det leik ute og opplæring i bruk av øks. Ein skattejakt rundt Sinober fekk dei au tid te. Gisela såg at det var folk på hytta og tok turen over. Ei særst hyggeleg nabo å ha. På sundag snikkera dei ferdig olderingen te olla og la den på, slik at dei fekk heva brønnhuset opp. Terje såg at gardinstanga var knekt, og mente at me uansett treng ei ny stang med ringar, slik det er no er dei altfor trege å dra fram og tebacke. Tenk da at me er så heldige å ha syerske Berit i laget.

Atter vart det Spikjikkjøttur te Hallingbu. Heile 10 personar tok turen 10 juni: Terje, Heidi, Gro Sissel, Jette, Trond, Michel, Jonny, Geir, Ove og Else. Veret var passeleg, i alle fall såpass at Michel og eg var snare om å springe ned tel Ormtjern for ein dukkert. Sjølv om vatnet virka kaldt med ein gong var det ikkje verre enn at me symde over te andre sida, kvilte ei lita beite ved brygga te Gisela og symde attende utan å frose. Men då var det godt å koma inn i ei varm hytte. Der hadde dei andre stelt te mat, både spikjimat, poteter, gulrøter og eggerøre. Det vart trengt og fint rundt bordet, og te kaffien diska Heidi opp med heimelaga bakkels med blåbær. Me var samde om at det er utruleg kor mykje ein kan få ut av ein sumarkveld.



Vesle Else (som har blitt stor!), Else og Ylva på veg ned att frå Halingbu

Midt i august drog eg te Hallingbu saman med mine tre nieser som gjerne ville sjå hytta ; Thale, Ylva og Else. Me bruka god tid opp og plukka både blåbær og bringebær og titta etter sopp. Vel framme koka me kaffe og tok ut bordet og grammofonen. Det vart ein god stund der i sola der eg fekk dele både matpakkar og livets historier med dei beste tanteungar, medan grammofonen spela i bakgrunnen.

Etter eit iskaldt bad, ingen lang symjetur denne gongen!, kom Terje, Heidi og Michel gåande. Michel hadde planar om å ordne meir på olla, men så hadde me det så triveleg at me vart sittande og prate og lage te eit måltid saman med det me alle hadde med, sopp vart det au som Michel hadde plukka. Etter å ha toppa det heile med fersk blåbærpai på grillen må eg seie at me alle vart meir enn mette. Heilt plutseleg kom Trond som ei blid overrasking. Me sat ute rundt bålet te det vart kaldt før me tusla heimover.

Heilt sist i august tok Heidi med venninne ein skogstur etter jobb, med toget frå Asker te Snippen. Dei plukka godt med tytebær, som det har bugna med i år, og spiste niste på Hallingbu. Nok ein fin kveldstur.

Det står fortsatt att noko arbeid med olla og brønnhuset, men ikkje meir enn at det tåler godt å vente tel neste år. Terje har tatt for seg å ordne nytt gardinbrett tel det store glaset i stugua, og brått tikka det inn ein positiv melding: ”No er eg akkurat ferdig med å snikkere gardinbrett te stuguglaset på Hallingbu, det vart bra! Måler det kvitt, og monterer det ferdig etter kvart. Kanskje eg tek ein tur te Hallingbu anten 17 eller 18 september”. Det er leiaren sin det!

Else



*Helgekurset denne hausten blir med **Silje Risdal Liahagen** og **Simon Hesselberg Løvald** (sjå bilete) som instruktørar og **Hilde Kirkebøen** og **Helga Myhr** til å spele for oss! Kom og dans då vel!*

## **STORT**

### **HELGEKURS I HALLINGSRINGAR**

**5. og 6. november, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagane.**

Kjempegod instruksjon ved **Silje Risdal Liahagen**, A-klasse dansar i hallingspringar frå Ål, som no er danseleiar i Hallinglaget, Med seg har no vår tidlegare danseleiar i Hallinglaget **Simon Hesselberg Løvald** frå Jar i Bærum, som er A-klasse dansar i laus. Simon er ein av Frikarane og er ein særskild aktiv dansar, slik som Silje som er profesjonelle dansar! Best av alt, begge liker å instruere og har ei stor kjensle for takt og rytme så dette blir eit kjempebra kurs!

Spelemann laurdag **Hilde Kirkebøen** og søndag **Helga Myhr**.

**Begge dagar frå kl. 12.00 til 16.00.**

**Pris kr. 400,- for begge dagane**, der ei innlagt matpause kl. 14.00 er inkludert!

*Her vil ein lære mykje springar og om dans generelt: både steg, takt, svikt og haldning!  
- - - og meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... så meld dykk på!*

**Påmelding til kurset frå og med no: Ved å betale til vårt kontonummer i Cultura Bank: 1254.05.18988, eller ved E-post til: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no) eller SMS til 48204652.**

## Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

### Det er springardansing desse onsdagane:

- 31. aug. Springarøving kl. 19.00. – Helga Myhr spelar
- 14. sep. Springarøving kl. 19.00. – Hilde Kirkebøen spelar
- 28. sep. Springarøving kl. 19.00.
- 12. okt. Springarøving kl. 19.00. – Arne Anderdal spelar
- 26. okt. Springarøving kl. 19.00.
- 9. nov. Springarøving kl. 19.00.
- 23. nov. Springarøving kl. 19.00.
- 7. des. Juleavslutning m/dans kl. 19.00.  
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

### Andre viktige hendingar dette halvåret:

#### **Fredag 16. sept. Kl.19.30: Kulturnatt i Nordahl Bruns gate 22.**

Dans og spel i alle salar, **gratis** inngang for alle! Sal av kaffi/te, vaffel og kaker. Topp spel frå alle bygder, **Helga Myhr** hallingspel, **Laura Ellestad** valdresspel og **Kenneth de Gala** telespel og numedalsspel. God gamaldans i Storsalen heile kvelden. ***Alle må kome innom her!***

#### **Sundag 2. oktober: Minikurs i hallingspringar,**

**før Folkedanskvelden kl. 18.00. Helga Myhr?** spelar og instruksjon ved **Silje Risdal Liahagen** i ein og ein halv time. ***Møt opp!***

#### **5. og 6. november: Stort helgekurs i Hallingspringar!**

**Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.**

Instruktørar: **Silje Risdal Liahagen, A-klasse dansar frå Ål.**

og **Simon Hesselberg Løvald frå Jar!** Særs gode instruktørar.

Dansespel ved: **Hilde Kirkebøen og Helga Myhr** (hardingfele).

**Pris: kr 400,-** for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!

***Møt opp! – dans deg glad og bli ein betre dansar!***

**Sundag 13. november:** Hallinglaget er tilskipar av **Folkedanskveld** kl. 19.30.

Det er minikurs i Rørospols kl. 18.00, så her blir det mykje folk!

**Helga 18-20. november: Helga då alt skjer! Folkelarm** på Riksscena, **Oslokappleik** på Riksscena og **Meisterkonsert** i Operaen på sundagen!

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

**Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)**

### **KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (48 20 46 52), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))

Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), ([beritsatelier@hotmail.no](mailto:beritsatelier@hotmail.no))

Else Mohn: (95 87 92 70), ([helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com))





*Bilete syner ei ungjente framom Eitrestølan innundi Reineskarvet.*

*Dette lesarbrevet stod i vår særns gode lokalavis Hallingdølen torsdag 25. august 2016.*

## **Det enkle livet- det grøne skiftet**

Frå midten av 1960 talet har olja fløymd innover landet vårt. Det svarte gullet har gjort oss rike på materielle goder på svært kort tid. Det gjer noko med oss.

Det skal god rygg til for å bæra gode dagar, heiter det i ordtaket. Med rikdomen fylgjer hungeren etter å stadig skaffe seg meir.

Mange har fått seg hytte, og ganske snart melder det seg eit ynskje om å få høg standard på hytta. Når standaren er på plass, vil mange ynskje seg ei hytte til- ei på fjellet og ei ved sjøen.

Bilen må skiftast ut ofte og helst til ei utgåve som ligg hakket over den forrige og helst betre enn naboen sin. Sydenturane blir stadigt lengre og hyppigare.

Slik kan eg fortsetje å ramse opp korleis rikdomen styrer oss. Velstanden driv oss oppover på den materielle rangstigen. Det gjeld om å koma høgt, endå høgare enn naboen. Etter å ha klatra lengje og vel, er det kanskje på tide å ta seg ein pust i bakkjin og spørje; er det her eg finn det gode livet?

Med eit høgt matrielt forbruk blir fotavrykket etter oss endå djupare . Høge klimagassutslepp er noko me høyrer mykje om, men lite blir gjort med det. Kva med hytteutbygginga, som krev mykje ressurar, mykje energi, høgstandard veg osv? Gamle trekkruter som elg, rein osv har brukt gjennom mange tusen år er plutsleg stengt, av ein ny bilveg. Slike skadar blir ikkje enkle å rette opp for dei som kjem etter oss.

Her i sommar inviterte eg på grilling. Etter ein biltur på 10 minutt fonno me uss ei lita øy ute i Hemsila.

Eit lite paradis i steikjande kveldsol. Fuglane kvitra, ørreten duppa i vasskorpa etter flugu. Her var det godt å vere, trekkje pusten og vasse uti for å kjøle ned tænadn. Åne glir sakte forbi, og gjev frå seg nokre klunkande lydar når den treffe steinen som ligg og stengjer. Eg kjenner at skuldrane synk. Dette er det enkle og gode livet, tenkjer eg.

Det grønne skiftet som alle pratar om, må kome, men kor skal me starte? Svaret kjem veldig tydleg til meg denne kvelden. Det enkle livet må vere løysinga på dei komplekse problema me strevar med. Korleis skal me få til noko so enkelt som å leve enkelt? Vil me moderne menneskje med høg utdanning, høgare utdanning enn alle generasjonar fyri uss, høg stressfaktor, høgare enn alle andre generasjonar fyri uss... osv kunne klare å finne attende til det enkle livet? Klarer me å få augo upp og verdsetje allt det som ligg rett utanfor stugudøra vår? Her er det mange spørsmål. Framtida er som alle veit usikker, men det grønne skifte vil ganske sikkert tvinge seg fram , og det må skje raskt. Då blir det spanande å sjå korleis me klarer omstillinga frå det komplekse og stressfylte livet til det enkle og nære.

*Olav Arne Løstegaard*



*Handarbeid høyrer med til gode hallingsysler. Her er lappeteppet som Hallinglaget laga til kreftaksjonen til Hallingdal Sjukestugu i året som gjekk. På bildet ser me Berit og Else som stolt viser fram teppet. Andre som var med å strikka var Elin, Anne Cathrine, Berit Glaser og Heidi. **Takk til alle som bidrog!***



## Sommerbrev frå Simon Hesselberg Løvald

*Studentliv, dansing og kursing ...*

Studiet eg går på i Grimstad er eit 5-årig studie med ein bachelor i mekatronikk og master i industriell økonomi og teknologiledelse. Mekatronikk er ein kombinasjon av mekanikk, elektronikk og datateknikk.

Eg har nettopp fullført mitt fyrste år av studiet, som meir eller mindre har vore grunnleggjande fag som matematikk, fysikk og 3D-modellering.

Neste semester som startar opp no inneheldt litt meir fagspesifikke emner som hydraulikk, reguleringsteknikk og elektriske kretser.

Grimstad er ein optimal studentby. Ikkje for stor til å føle seg ensom, men likevel ikkje for liten til å bli kjedeleg.

Eg trives veldig godt med studiemiljøet og det sosiale livet i Grimstad. Akkurat no i august er det «fadderuka» som det er mest fokus på. For å bli kjent med fleire og knytte enda sterkare band til dei venene eg har frå før. Neste veke startar undervisninga opp att for hausten (nest siste veka i august).

Eg er av og til tilbake i Oslo når eg skal undervise anten i BUL eller for hallinggruppene på Nesodden og hvis det er spesielle arrangement som eg vil få med seg f.eks. på Riksscenen.

Det er ikkje noko miljø for folkedans i Grimstad, så eg er veldig fornøgd med å kunne fokusere på studiene når eg er på Sørlandet og danse når eg er i Oslo.



*Simon med Helga Myhr og Ingunn Stræte Lie «over there». Særs gode ambassadører for Norge.*

Eg har vore to gonger i USA og undervist i folkedans denne sommeren. I juni reiste eg saman med Helga Myhr og Ingunn Stræte Lie for å undervise i springar under Scandia Camp Mendocino. Denne

campen var på vestkysten av USA, like ved San Fransisco, I Redwood Forest. Me budde i ei veke midt ute blandt verdeas høgaste trær utan Internet og mobildekning. Men maten var heilt fantastisk og dansarane var utrolig engasjerte og lærenemme. Det var veldig inspirerende å sjå kor stor utviklinga var hos dansarane frå dag ein til campen var ferdig.

I slutten av juli reiste eg saman med Alix Cordray til Stockton International Folk dance camp. Denne gongen reiste eg som Alix sin dansepartner, så det var Alix som hadde hovudansvaret for undervisninga. Saman hadde me to veldig fine veker på ein camp som var veldig annleis enn den eg besøkte i juni.



*Simon dansa som instruktør med Alix Cordray i Stockton.*

*Alix dansar det meste og er Hallinglaget sin kjære revisor gjennom meir enn 20 år!*

Me hadde same undervisningsopplegg fyrste og andre veka, men med stort sett nye deltakarar, så eg vart kjent med veldig mange nye mennesker. Eg traff også igjen fleire av deltakarane som eg møtte i juni iløpet av de to vekene eg hadde i Stockton. Eg må si at dette var vore ein aktiv sommar.

*Simon Hesselberg Løvald*

Red.: Ein stor takk til Simon som bidrog med denne atikken, som vart omsett til nynorsk!

Fyrst og fremst var lokala veldig annleis. I Stockton bodde me på eit Universitet kalt University of the Pacific som hadde moderne lokaler og air-conditioning i alle rom. Det var livsviktig då det var nærare 40 varmegrader kvar dag under heile opphaldet.

Ein annan stor skilnad var at dette var ein internasjonal folkedans camp, så skandinavisk dans var ikkje hovedfokuset. Dei fleste dansane som vart gjort på kveldane var rekkedansar frå land som Bulgaria, Makedonia, Hellas, Tyrkia og Israel.

Sjølv om deltakarane ikkje var like erfarne med pardans i Stockton som dei var på Scandia Camp, var alle veldig nysgjerrige og eg tror dei fleste hadde ei veldig positiv oppleving i møtet med dansane som Alix lærte bort i timane.



*Helga Myhr med Kongepokalen på Vågå. Fotograf: Svein Aasen.*

Det var **Helga Myhr** som tok heim den gjævaste premien frå Vågå i sommar, nemleg KONGEPOKALEN! Den var i år sett opp i Vokal Folkemusikk klasse A.

Helga er veldig aktiv for tida, ho er songar, skodespelar, dansar og ho spelar både hardingfele, langeleik og lyre – for å nemne noko. Me som har følgd med henne dei siste åra veit at ho har lagt ned eit veldig arbeide i mange år. Så lykttest ho til dei grader i den knivskarpe tevlinga på Vågå!

Det var også veldig moro å lese om førestillinga hennar "Stilt trør kvinner i sørgedans" frå årets Førdefestival i Bergens Tidende og Aftenposten i sommar:

### **"Multitalent**

I et program med så stor variasjon og bredde er det selvsagt umulig å kåre «vinnere», men det som har gjort sterkest inntrykk på meg, og tydeligvis på flere andre, er soloforestillingen Stilt trør kvinner i sørgedans. I sentrum står multitalentet Margit Myhr fra Ål i Hallingdal, som for øvrig var en del av talentprogrammet i 2009.

Med manus av Eldgrim Springgard og regi av Leif Stinnerbom presenterer hun tre autentiske kvinneskjebner fra ulike århundre, varierende fra det sørgelige via det dramatisk-tragiske til det dypt tragiske. Vekten ligger på disse kvinnenes tanker og drømmer og den maktesløsheten de må ha opplevd.

26-åringen er en dyktig skuespiller og forteller, i tillegg synger og kveder hun og trakterer lyre og langeleik. Presentasjonen er utsøkt og så kontrollert ned til minste bevegelse og tone; Margit Myhr stoler fullt og helt på fortellingenes iboende styrke og trenger ikke legge noe til. Det går år mellom hver gang vi ser en slik stillferdig og sterk formidling."

*Hallinglaget gratulerer Margit hjertligst!*





*Hallingbu i det grøne ...*



*Triveleg matpause på Hallingbu, frå venstre: Svein Aasen, Trond Roseth, Terje Grangård, Else Mohn og Heidi Wie. Fotograf: Gro Sissel Taraldrud.*

## Medlemspengar i Hallinglaget for år 2016

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved fyrste sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

---

### Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
  - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
  - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
  - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
  - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
  - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
  - Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
- 

### Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

---

### ***Kom og dans! Ikkje vent til du ikkje orkar meir! Veit du at dans gjer deg klokare?***

«Når du lærer nye turar og setter saman steg og trinn forbetrar du ikkje berre din koordinasjon og motorikk, men heile din hjernekapasitet! Eit 21 års studie utført av forskarar ved Albert Einstein «College of Medicine» i New York har vist, at menneske som dansar fleire gonger i veka, forbetrar sine kognitive evner markant! Dette betyr at dei blir flinkare til å lære og forstå ting. Og samstundes reduserer dei risikoen for å bli ramma av demens men heile 76 prosent!

- *Ikkje rart at me dansar og gler oss i laget!*

## Folkedanskveldar hausten 2016

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!  
**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.**

<b>Dato</b>	<b><i>Storsalen kl. 19.30 -22.45</i></b>	<b><i>Halli, minikurs 1800-1930</i></b>	<b>Arrangør lag</b>
04. sep	<b>Brødrene Kjørstad</b>	Finnskogspols/ springdans frå Torpa	BUL
11. sep	<b>Østerdølenes spellmannslag</b>	Rørospols	Hordaringen
18. sep	<b>Sofienberg Spelemannslag</b>	Nordlandspols	Numedalslaget
25. sep	<b>De Frilynde</b>	Stildans	Symra
02. okt	<b>Dølalæte</b>	<b>Hallingspringar!</b>	Folkedansnemnda
09. okt	<b>Tonje og Stein Magne</b>	Valdresspringar	Valdreslaget
16. okt	<b>Fanteladdane</b>	Finnskogspols	Hordaringen
23. okt	<b>Bærum spelemannslag</b>	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
30. okt	<b>Farande Fant</b>	Stildans	Symra
06. nov	<b>Elise Tegner m/vener</b>	Springleik	Sogn- og Fjordaneringen
13. nov	<b>Enebakk spelemannslag</b>	Rørospols	<b>Hallinglaget i Oslo !</b>
20. nov	<b>Utgår pga. Folkelarm, Oslokappleik og Meister- konsert i Operaen!</b>	--- utgår	--- ingen folkedanskveld!
27. nov	<b>Eiker spelemannslag</b>	Stildans	Symra
04. des	<b>Østerdølenes spellmannslag</b>	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen
11. des	<b>Steinsgårdskroken</b>	<b>Førjulskonsert</b>	Folkedansnemnda

**Inngang Folkedanskveld:** Medlemmer . kr 100,- / ikkje-medl. kr 120,- / Studentar kr 50,-

**Inngang minikurs:** Medlemmer og ikkje-medlemmer berre kr. 120,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!) **Berre kr. 80,- for studentar.**

**Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!**

**Bygdelagssamskipnaden**

**Les meir på:** [www.bls.no](http://www.bls.no)

**e-post:** [post@bls.no](mailto:post@bls.no)



## Styret i Hallinglaget 2016–2017

- Leiar:** Terje Grangård Tlf.: 482 04 652 – mobil  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)
- Nestleiar:** Berit Grøtt Ellefsen Tlf: 480 40 062 – mobil  
Gåserudgata 2A, 3032 Drammen E-post: [beritsatelier@hotmail.com](mailto:beritsatelier@hotmail.com)
- Kasserar:** Gro Sissel Taraldrud Tlf: 480 34 943 – mobil  
Myrliia 51, 1453 Bjørnemyr E-post: [gst@cultura.no](mailto:gst@cultura.no)
- Skrivar:** Heidi Wie Tlf: 975 23 734 – mobil  
Slottsberget 71, 1385 Asker E-post: [heidi.wie@asker.kommune.no](mailto:heidi.wie@asker.kommune.no)
- Medlemer:** Else Mohn Tlf: 958 79 270 – mobil  
Reshjemvegen 247, 3677 Notodden E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)
- Silje Risdal Liahagen Tlf: 906 09 262 - mobil,  
Sirevegen 449, 3579 Torpo E-post: [siljerliahagen@live.no](mailto:siljerliahagen@live.no)
- 

### Bladstyre for Hallingljom:

**Leiar:** Terje Grangård Tlf: 482 04 652  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Medlemer:** Else Mohn og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

### Hyttestyre for Hallingbu:

**Leiar:** Else Mohn Tlf: 958 79 270  
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Michel Gascoin, Trond Roseth og Hilde Kirkebøen.

**Revisor:** Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

**Valnemnd:** Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

### Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård  
Sjå også: [www.bls.no](http://www.bls.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no) .

Hallingbu



ERB  
JR.96